



Notat

Dato: 01.09.2014
Arkivsak: 2014/20362-2
Saksbehandlar: endkors

Til: Komiteleiar, Anne Beth Njærheim

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på interpellasjon frå Miljøpartiet De Grønne om ureining av Eidesvågen i Bømlo kommune

Tom Sverre Tomren vidaresende den 15.08.2014 e-postar frå Lauritz Eide og Vette Karlsen Eide som gjeld ureining av Eidesvågen i Bømlo kommune. Tomren ynskjer å ta opp saka på neste møte i Kure, og spør om følgjande:

Kva ansvar og handlingsmuligheiter har fylkeskommunen i ei sak som dette ?

Er komiteleiar kjent med problemstillinga ?

Kva har ho i så fall gjort i saka, og kva tenkjer ho å gjere ?

Svar

Fylkeskommunen har ansvar for tildelingsforskriftene etter Akvakulturlova. For å få eit løyve etter akvakulturlova er det eit ufråvikeleg krav om at ein må ha eit løyve etter forureiningslova. Løyve etter forureiningslova vert gjeve av fylkesmannen. Det er og fylkesmannen som fører tilsyn med verksemdar som har utleppsløyve.

Dokumenta i denne saka er send fylkesmannen som rette vedkomande. Fylkesmannen opplyser at dei er kjent med klagen. Med bakgrunn i klage har det vore tilsyn på settefiskanlegget. I tilsynsrapporten står følgjande:

«Fylkesmannen har mottatt klage frå nabo. Denne klagen har Eidesvik settefisk ikkje fått skriftleg, men har kjennskap til vedkomande klagar då han ved fleire høve har ført klagen fram i media. Klage går på forureining i Eidesvika. Fylkesmannen hadde synfaring under tilsynet. På det tidspunktet var det ikkje råd å sjå at utlepp frå settefiskanlegget kom inn i vika. Området er grunt og mudrete, noko som tyder på dårleg vassutskifting sjølv om det ligg nær ope hav. Det kunne ikkje observerast avsetning av organisk materiale i strandsona, men på sjøbotnen var det eit kvitt lag som ikkje kunne identifiserast (foto). Inst i vika hadde det blitt mudra, men vi veit ikkje når dette vart gjort. Fylkesmannen avventar rapporten frå resipientgranskinga før det blir teke avgjerd om trong for vidare undersøkingar eller oppfølging i Eidesvika.»

I etterkant av tilsynet har vorte gjennomført resipientgransking ved utleppspunktet frå settefiskanlegget. Utleppspunktet frå settefiskanlegget ligg utafor Eidesvågen, og det er ikkje utifrå resipientgranskinga råd å seie om utleppet har påverknad på tilhøva inne i Eidesvågen. Miljøforholda ved utleppspunktet og utover var tilfredstillande.